



**Leifen
tek tempen**

All time high

Laksen som ikkje heilt ukjente *Morten Sandøy* fekk fredag i førre veke er truleg den største teken på floge i Oselvo nokon gong. Ingen eg har snakka med dei siste dagane kan hugsa større – i alle fall ikkje i fiske sesongen. Kanskje på stamfiske for 10-15 år sidan – men det tel ikkje.

45 minuttar hardt slit med ei lett stang og 0,25 mm fortom, ikkje hov, ikkje klepp, heilt åleine. Laksen blei tatt øvst i gamle sone 2 til BS, rett nedfor Nordmarka. Og floga – dobbel Heggeli nr. 10 – sjølvsagt!

Frå terroristjakt til laksejakt

Ein annan som har god grunn til å seia seg nøgd med fangsten førre veke er *Morten Thuen Bjørke*. «Os og Fusaposten» skreiv om han for kort tid sidan. Då galdt det terroristjakt i Middelhavet.

No er han heime og jaktar laks i Oselvo, og det gjer han godt.

Torsdag 17. drog han til med ein på 8,5 kilo. Tre dagar seinare var han tilbake – og gjorde det endå betre! 9,3 kilo denne gongen. Begge laksane blei tatt på makk i Kvernhushølen.

Det dabbar av no

I tillegg til dei nemnde er det vel berre *Jan Åge Lysandtræ* som har tatt laks i det siste. Også han fekk sin i Kvernhushølen torsdag 17. juni. 5,6 kilo var den.

No er elvo tørr igjen. Litt sjøaure blir det framleis tatt – men fart i sakene blir det nok ikkje før neste skikkelege regnskyll.

Den som ventar på noko godt ...

Send gjerne fiskebilete og fiskehistorier til:
 leif.juvik@osogfusa.no

Skitt fiske



**Morten Sandøy
– 11,8 kilo. (Foto: privat)**



**Morten Thuen Bjørke
– 9,3 kilo. Foto: Svein Ove Sanden**



**Morten Thuen Bjørke – 8,5 kilo
Foto: Svein Ove Sanden**